

Julekvelden

Etter nokre dagar med mildver og regn, hadde gradestokken sakte men sikkert krope ned på minus grader. Regnet hadde gått over til snø, som låg som eit mjukt teppe over heile Fjorden. Det var tidleg på morgonen julaftan. I det staslege huset på Lihaugen, steig det blå røyk opp frå skorsteinspipa. Inne i finstova dura det i den enorme vedomnen på over to meter høg og med ei staseleg smijernskrune på toppen. På kjøkkenet sit Store-Berta og skreller poteter og kålrabi, slik at det berre er å sette det på kok seinare. Ho har vore enkje i snart tjue år og har stort sett feira jula åleine sidan. Men til eldre ho blir, til meir einsam har ho vore. Dei to siste åra har ho bedt Hans-Anna ned til seg på julaftan. Ho har no òg såte åleine, stakkar. Sjølv om Store-Berta kan virke hissig med sitt oppviglande vesen, har ho stor omsut for sine medmenneske. I år har ho teke mot til seg å invitere Bendikt'n og Lass'n på julemiddag òg. Sjølv om ho er aldri så forbanna på dei, særleg Bendikt'n, så har ho no litt medynk med dei. Lass'n greier seg nok, men Bendikt'n syns ho litt synd på. Han har det ikkje så sprekt, stakkar, har vel knapt ete ein skikkeleg julemiddag sidan mora levde. Store-Berta er kjend for kokkekunsten sin, og mange brukar henne som kokke i større lag. For første gong på mange år, gler ho seg litt til julaftan. Ho nynnar på ein gammal julesong, medan potetskrellaren går som ei trommestikke.

Oppe i Lorthola sit Bendikt'n på ein krakk framfor den gamle vedomnen og prøver å få fyr i den halvtørre veden. Det er iskaldt i den gisne stova hans, men det skal nok snart bli varmt berre han får fyr på denne helvetes veden. Det skarpar på døra, og gamle Mons'n vil inn. Bendikt'n reiser seg og opnar døra. Katten pilar inn med ei mus i kjeften og legg ho midt på stovegolvet. «Næmen ha du fanga muus, Mons'n min!» Han stryk katten over hovudet og Mons'n mæl som den gamle katten han er og tykkjer han har vore flink som kan skaffa mat til husfar. «Du e heldige du so får deg mus», humrar Bendikt'n. «Men i kveld ska eg få mat hjå Store-Berta sitt rikhaldige spisskammers!» Det kjem eit skarpt smell frå omen, så Bendikt'n hoppa på krakken. Den halvtørre furuveden har teke skikkeleg fyr og det smell i harpiksen som siv ut. Bendik'n let att omnsdøra, men let trekken stå på fullt. Han har lurt på kva som rir Store-Berta, sidan ho skal ha halve nabolaget til julemiddag. Enten har ho dåleg samvit for noko, eller så er ho byrja bli åreforkalka. «Men drit i da, da ska no bli godt med saueribbe itte gammalt», mumlar han høgt. Han snyt seg i neven og går ut i vedskuret etter meir ved.

«Livet i Fjorden»

Mørket har senka seg over Fjorden, Bendikt'n strevar med den gamle laussnippen som han har arva etter far sin. Den er grå av elde, men Bendikt'n tykkjer han ser meir staseleg ut med laussnipp. Den gamle dressen har nokre flekker her og der, men pytt, pytt. Det er den finaste stasen han har, så den får grei seg. Den gamle veggklokka slår fem då han let att utedøra. I den klåre vinterkvelden høyrer han kyrkjeklokkene ringer jula inn. Då han nærma seg huset på Neset, ser han Lass'n stå på trappa og vinkar at han skal komme nedom. Lass'n ser mest ut som ein baron der han står, med gullkjede i vesten som strammar over den store magen. «God kveld Bendikt, tenkte me kunne ta ein tur ned i kjellaren før me går bort til Berta. Du må få smake på juleølet mitt!» Bendikt'n sette opp eit glis som gjekk frå øyre til øyre. «Ja, eg høyre du ha vå heldige med da», humra han. Dei gjekk forsiktig ned den glatte kjellartrappa og inn i kjellaren. Lass'n gjekk bort til tønna og tappa i to reine glas han hadde sett der. Eit fint skumlag låg på toppen av glasa. «Skål da Bendikt», sa Lass'n og heva glaset. «Skål», svara Bendikt'n og tømde halve glaset i ein sup. «Fy fan, ditta va godt!» Han tørka seg om munnen og augo skein som to julestjerner. «Ikkje fø å skryte, men eg trur da e da beste ølet eg har laga på lenge», svara Lass'n og briska seg. Dei la innpå kvar si skrå og tømde glasa. Lass'n tappa i på nytt. «Me må ha eit glas i kvar fot, slik at me går bent når me ska innta finstova te Store-Berta», sa Lass'n og lo. «Viss me går i ring, må me kanskje gå rundt juletret i heile kveld», skratta Bendikt'n. Dei drakk ut, Lass'n låste kjellardøra og stakk den store nøkkelen i bukselomma. Så la dei i veg bort mot Lihaugen.

Vel framme på trappa til Store-Berta, sopa dei snøen av skoa. Lass'n retta seg opp og banka forsiktig på døra. Dei høyrde det gjekk i ei dør og trippande skritt som nærma seg. Døra gleid opp, og der stod Store-Berta i sin finaste skrud. Håret var sett opp i ein knute i nakken. Og rundt halsen skein det i kvite perler. «Velkomne ska de de vere og god jul». «God jul», mumla dei to karane og tok ho i neven før dei gjekk inn. «Anna er nett kommen òg, så då e me alle», sa Store-Berta og viste dei inn i finstova. Der sat Hans-Anna kledd i svart kjole med gullkors om halsen. Ho reiste seg og dei helsa ærefullt på kvar andre og ynskte god jul. Dei sette seg ned i dei flotte lenestolane og såg seg forundra omkring. Ingen av dei to karane hadde nokon gong vore inne i finstova til Store-Berta. Hovudet til Bendikt'n snurra rundt og rundt som ein kvernkall. Og *den* gode lukta av saueribbe. Han snusa ut i lufta som ein røysekatt, så seig han ned i den djupe stolen med eit sukk. Borte i ein hjørnet stod eit gedigent juletre. Det var pynta med glitter og stas, så Bendikt'n vart heil øren av å sjå på det. Stovebordet var dekkja til fire, med det finaste servise i heile Fjorden. «No må de værsgod sette deke te bors», ropte Store-Berta ute frå kjøkkenet. Dei tre gjestane reiste seg forsiktig og gjekk til bordet og sette seg. Lass'n og Bendikt'n på den eine sida og kvinnfolka på hi.

«Livet i Fjorden»

Inn kjem Store-Berta med ein stor mugge med øl. «Har du investert i kjøpeøl»? Undra Lass'n. «Du kunne spurt meg, så skulle du fått øl med du ville». «Te jul ska da ve skikkeleg øl», svara Store-Berta. «Da e sikkert godt ølet ditt òg, men eg har da no på mi vis». Så svinsa ho ut på kjøkkenet att og kom inn med poteter, kålrabistappe og surkål. Til slutt kom ho inn med eit stort fat med saueribbe. Augo til Bendikt'n heldt på å sprette ut or skallen hans. Så mykje god mat hadde han ikkje sett, på det han kunne hugse. «Værsågod forsyn deke», sa Store-Berta. «Damene fyrst», sa Lass'n og heldt fatet med ribbe bort til Hans-Anna. «Tusen takk», stotra ho. «Ditta e no alt for mykje». «Da va vel ikkje meininga at du skulle ta alt», kvittera Bendikt'n medan sleven rann ned etter haka hans. «Nei, nei, nei! Da va'kje da eg mente, men her e no so mykje goe mat», peip Hans-Anna. «E da jul, so e da jul», sa Stor-Berta. Dei ausa oppå tallerkane av alt den gode maten. «Guu so godt da va», mumla Bendikt'n med munnen full av mat. «Håpe da smaka», svara Stor-Berta og la oppå til seg sjølv. Det var stillt rundt bordet medan dei åt. Berre smatting og slafsing frå dei to karane som ikkje hadde den beste bordskikken. Brått reiste Stor-Berta seg og forsvann ut på kjøkkenet. Etter ei stund kom ho inn att med ei flaske Løten linje akevitt og fire drammeglas. Bendikt'n heldt på å sette eit ribbebein i halsen då han såg det. «Fan han inderle røske, jaggu ha ho brennevin òg!» Han heldt på å sei det høgt, men greidde å halde seg. «Eg hadde so nær glømt akevitten te ribbene. Da høyre no liksom te», sa Stor-Berta. «Du ha visst teke på deg spanderbrokja i dag Berta», svara Lass'n og tørka ribbefettet vekk frå kjeften med servietten før han tok ein slurk øl. «E da jul, so e da jul», svara Stor-Berta og skjenkt akevitt i glasa. «Skål då, gode naboar», sa ho og heva glaset. Lass'n og Bendikt'n tømde glasa i ein slurk, medan Hans-Anna berre nippa til det og saup etter anden. «Vart da for sterk kost fø deg Anna»? Bendikt'n var grann i målet medan han gløtte bort på Hans-Anna. «Da e sikkert goe medisin», peip ho og tok ein liten slurk til. «Ditta ha alltid vore goe medisin da», humra Lass'n. Dei åt både vel og lenge. Stor-Berta skjenkte både øl og akevitt etterkvart som glasa vart tømde. Til slutt måtte Bendikt'n gje tapt. Han var så mett at han held på å sprekke. «Viss alle e vel forsynte, so ska da bli desser», sa Stor-Berta og byrja bere ut dei tomme tallerkane. «Ska me få endå meir mat? E du tenkt å ta livet av oss»? Lass'n rapa deskrè og såg forskrekka på Stor-Berta. «E da jul, so e da jul», svara Stor-Berta og kom inn med ei stor skål med riskrem og ein mugge raud saus. «So lenge da e gratis mat å få, so ete eg te eg daua», tenkte Bendikt'n med seg sjølv og auste opp dugeleg med riskrem på tallerken sin. Etter å ha hivd innpå riskremen og tømt akevittglaset, lente Lass'n seg bak i stolen og strakte seg. Den store vomma esa seg ut, og i det same spratt det ein knapp frå vesten hans med eit plupp, og trefte Hans-Anna midt i skallen. Hans-Anna sette i eit gaul og for baklengs med føtene i veret og heldt på å velte heile

«Livet i Fjorden»

bordet. Ho landa med eit brak på golvet, og så vart alt stilt. Bendikt'n sat med store auge og såg på Hans-Anna som låg livlaus på golvet. «E ho daue»? kviskra han. I det same slo Hans-Anna augo opp, ho såg seg forvirra omkring. «E..e..e. eg i himmelen no»? «Nei, du e'kje i himmelen, du e heime jå meg, Berta, naboen din», svara Stor-Berta. «Ka fø ligge eg på golvet»? peip Hans-Anna. «Da skjedde et lite uhell unde middagen», svara Stor-Berta og fekk ho på føtene. «Set deg ned i stolen her, so kjeme du snart te hekten att». Stor-Berta stødde ho bort i stolen så ho fekk sette seg. «Eg e so løyen i hovet», sa Hans-Anna. «Løyen ha du no alltid vore», svara Bendikt'n og var letta over at ho var i livet. «Du kunne ha drepe henne», sa han til Lass'n og såg strengt på han. «Da ska vel meir te enn ein knapp», svara Lass'n. «Ukrut forgår ikkje so lett». «Sjå her Anna, drikk ditte her. So kjeme du deg nok». Store-Bert gav ho eit glas akevitt bort i handa. «E da medisiner»? spurde Anna. «Ja, da kan du ta deg fan på», skratta Bendikt'n og la innpå ei skrå. «Du må'kje banne på ei julaft Bendikt, då kjem ikkje du te himmelen». Hans-Anna såg på han med strenge augo. «Bendikt'n kjeme no ikkje dar uansett», svara Lass'n og gapskratta. «Ka fan veit du om da»? svara Bendikt'n og knytte nevane opp under nasa til Lass'n. «Halt no stilt, kranglefanta», sa Stor-Berta. «Ta glasa med deke og set deke bort i divanen, so ska de få ein akevitt te, før da blir kaffi og kake». Dei var ikkjev tunge å be, dei trei glasa sine og seig ned i den plysj grøne divanen. Hans-Anna sat i stolen sin med blanke auge og eit salig glis. «Går da bra med deg Anna»? Bendikt'n lente seg fram og såg granskande på ho. «Eg trur medisinen virka», svara ho. «Du e so fine i kveld Bendikt». Ho såg på han med dei vasne augo sine og smilte. Bendikt'n svalde heile skråa si i forfjamselsen og fekk ei hostekule så han heldt på å miste pusten. «Ta deg noke midisin Bendikt, da hjelpe», sa Hans-Anna med smiskande stemme. Ho kjende seg så rar i heile kroppen, det var som ho sveva og alle sorger var borte. Lass'n gav akevittglaset til Bendikt'n, som tømde det i ein sup. Det enda med endå meir hosting. Hans-Anna reiste seg på skjelvande bein og lei ein arm om halsen til Bendikt'n. «So, so. Da ordna seg nok ska du sjå». Ho strauk han varsamt over kjaken. Bendikt'n såg forskrekka på ho. «E..ee..eg trur eg må ut fø nova en tur», sturta han. «Eg må visst ut en tur eg òg», sa Lass'n med eit flir. Så strauk dei to karane på dør. Lass'n lo så han riste då dei kom ut på trappa. «Eg banna på at Hans-Anne e itte deg ikveld», hikste han. «Ho kjem ikkje i brokja på meg fyrste kveld», svara Bendikt'n og måtte le han og. Dei hadde aldri sett den «skinnhellige» Hans-Anna slik før, men så hadde ho heller aldri drukke noko sterkare enn kaffi.

Då dei var ferdige med ærende sitt, drog Lass'n fram ei lerce frå jakkelomma. «Tok med en liten skvett på lomma, visste ikkje at Stor-Berta slo på stortromma i kveld og serverte skjenk», sa han og rekte lerka til Bemdikt'n. Han tok ein dugeleg slurk. «Fan, ditte va godt, eg trenge å ro ned

«Livet i Fjorden»

nervane». «Ta en te», sa Lass'n. Bendikt'n drakk og gav flaska til Lass'n som heiv innpå resten. Då dei kom inn att i stova, sat dei to kvinnfolka og kakla som to verpesjuke høner. Stor-Berta hadde sige ned i godstolen sin, raud i kjakane og i godlune. Hans-Anna sat i ein annar stol, blank i augo som ei gyteferdig hyse. «No må de «snette» deke ned kara», snøvla Hans-Anna medan ho tørka slev frå munnen med den blondékanta lommeduken sin. «Me ha sakna deke». Ho såg på Bendikt'n med augo som ein vårkåte katt. Dei to kallane sette seg på divanen og såg på kvarandre. Lass'n blunka til Bendikt'n og sa: «Me ha no sakna deke òg, de skulle ha vore med utfø nova og sitt på fullmånen». «Da e no ikkje fullmåne ikveld, din tyl», svara Stor-Berta og lo så vomma riste. «Da va jenne månen te Bendikt'n du såg», peip Hans-Anna. «Han e no so blank og fine». Ho sat og fniste som ein jentunge medan ho heile tida såg på Bendik'n.

Etter at småkakene og kaffien var fortært og akevittflaksa tom, drog Lass'n opp lommeuret sitt frå vestelomma og myste på det. «Da li visst langt på natt alt, me lyte vel sjå å komme oss heim att snart», sa han. «Da kjeme vel en dag i måro òg», svara Bendikt'n og såg letta ut. «De kan no ikkje reise ifrå meg», peip Hans-Anna. «Eg e so løyen i føtene ikveld, so eg trur de må fylgje med oppatt». Ho såg på Bendikt'n med eit salig glis. «Ska no bli ei rå med da», svara Bendikt'n og reiste seg. «Ja, tusen takk fø god mat og drikke», sa Lass'n og reiste seg han òg. «Ditta ha vore dan finaste julekvelden eg ha hatt på lenge». «Håpa de ha kosa deke», svara Stor-Berta og tok han i neven til farvel. Alle takka for seg og gjekk ut. Hans-Anna tok eit godt tak i armen til Bendikt'n. «Eg lyt få stø meg te deg Bendikt, da føles so trygt», sa ho og la hovudet inntil han. Stor-Berta stod på trappa og vinka etter dei til dei forsvann i mørket.

«Ja, no e du heime Anna», sa Bendikt'n då dei kom opp på tunet hennar. «Ve'kje du ve med inn Bendikt»? Ho var så smøykja at det mesta rann or henne. «Ikkje i kveld», svara Bendikt'n og hosta. «Da lyte ve te en anna dag, tenkje eg». Lass'n heldt på å gå på rev av opptrinnet.

«Ha da bra Anna», ropa Lass'n, medan han for siglande på skoa ned bakken. «Ha da Anna», sa Bendikt'n og reiv seg laus frå grepet hennar. «Ha da Bendikt», det var mest så ho fekk tårer i augo då han sprang etter Lass'n. Dei to karane for leande inn vegen, men det hadde vore ein fin julekveld. Oppe på tunet stod Hans-Anna og såg etter dei. Ho hadde ei kjensle i bringa som ho aldri hadde opplevd før. Ho hadde fått ei openbaring, og det på sjølvaste julekvelden.